



Tøffe førsteklassingar med refleksvestar - dei var det politiet og Kvinnherad Energi som delte ut!

Hobbyklubben i bedehuset har i føremiddag gjort ein stor innsats i trafikksikkerheiten sin teneste. 400 refleks er delt ut på skulen og i dei to banehagane og dei kan redde liv. Initiativtakar og klubbleiar Tore Mathiesen og dei 4 unge hjelparane hans hadde med ein budskap som gjorde inntrykk: Utan refleks har ein bilist som køyrer i 50 kilometer berre ha 2 sekunder på å oppdage deg.



Dei las opp ein bodskap i barnehagane: Tina Bakke Eik, Stine Soldal, Sunniva Ersland Myklebust og Ingeborg Bjørnebøle

Men med refleks har bilister 10 sekunder til rådighet. På dei 8 sekundane kan livet ditt bli redda! Risikoen for å bli påkøyrd blir redusert med 85 prosent. Likevel var det berre 24 prosent som brukte refleks i fjor. Det er langt fleire enn før men likevel altfor få. Med refleks blir ein sett på 140 meters hald medan du først blir sett på 25 meters hald utan.



Og så er har turen kome til dei yngste...

Tore og hjelparane var på skulen frå det ringte inn og delet ut vestar og spesialproduserte refleksar klasse for klasse. Det same gjorde dei etterpå i både den kommunale barnehagen og gardsbarnehagen. Overalt vart dei mottekne på ein positiv måte og no blir det interessant å sjå om refleksane verkeleg vert brukt. Det er laga 900 så det skulle verta nokon for alle. Hjelparane på skulen var Karen Pedersen Brede, Malin Bakke Eik, Katrine Saghaug, Hanne T. Hauge og Jarand Eide.

I budskapet dei las vart det understreka at 'Eg er tøff med refleks' er mottoet for veka som no pågår i Uskedalen. Kvar elev og kvart barnehagebarn fekk 2 refleksar. Den eine kan knyttast bak på ranselen eller has i ei lomme. Den andre kan ligge i lomma og bli festa rundt høyre armen når ein er ute og det har begynt å bli mørkt.

Til helga skal Hobbyklubben dela ut refleks ved SPAR, men dermed er ikkje kampanjen slutt - den held fram heilt til våren!

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen